



BJØRNEFJORDEN LANDBRUKSKONTOR
c/o Fusa kommune Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Bjørnefjorden landbrukskontor	
FUSA - OS - SAMNANGER - TYSNES	
Saksj.	Saksj.
21 JUN 2018	
År / Saksnr	Dok.nr.
Ark kode P	
Ark. kode S	
Kassasjonsår	Gradering

Dato: 15.06.2018
Vår ref.: 2018/11832-2
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 17/927/ 5

Uttale til forvaltningsplan for gås i Tysnes kommune

Vi viser til dykkar brev av 12.06.2018 med oversending av framlegg til forvaltningsplan for gås i Tysnes kommune.

I forvaltningsplanen er det lista opp tre mål for forvaltning av gås i Tysnes kommune. Det eine målet er at framande gåseartar (kanadagås, snøgås, stripegås m.fl.) ikkje bør få fotfeste i kommunen. Det går elles fram at planen i praksis er ein forvaltningsplan for grågås.

På regionalt nivå er det fylkeskommunen som har forvaltningsansvaret for dei haustbare, ikkje truga viltartane, med visse unntak. Eitt av unntaka er grågås og kortnebbgås, der forvaltningsansvaret ligg til fylkesmannen. Bakgrunnen for denne ansvarsdelinga er nok at forvaltninga av grågåsa må sjåast i eit meir internasjonalt perspektiv, der landet har slutta seg til fleire internasjonale konvensjonar og avtalar i forhold til forvaltning av heimehøyrande artar som trekkjer over landegrensene.

Vedkomande dei framande gåseartane (kanadagås og stripegås), er det ikkje spesielle opplysningar om bestandsstorleik eller observasjonar i forvaltningsplanen. På Artskartet (<https://artskart.artsdatabanken.no>) er det kun registrert éin observasjon av kanadagås i kommunen, og ingen på Artsobservasjoner (<https://artsobservasjoner.no>). Ifølgje Artsdatabanken sitt faktaark om kanadagås (frå 2012) er Tysnes (sørvestlege del) vist som område med hekkande kanadagås. I faktaarket står det blant anna: «Enkelte stader er det blitt så mange kanadagjess at det er nødvendig med bestandsregulerande tiltak». I faktaarket er det blant anna referert til Forvaltningsplan for gjess i Hordaland (Steinsvåg, 2008), som også er brukt i framlegget til forvaltningsplan for gås i Tysnes. Det som står om kanadagås i forvaltningsplan for gås i Tysnes, ser ut til å vera henta frå forvaltningsplan for gjess i Hordaland (2008).

Som det står i framlegget til forvaltningsplan for gås i Tysnes kommune, er ein viktig føresetnad for ei god forvaltning av gåsebestanden å ha tilgang på mest mogeleg oppdatert kunnskap om utbreiing og bestandsstorleik. I følgje planen bør det seinast frå 2019 gjennomførast årlege totaloppteljingar av gåsestamma i Tysnes.

Vurdering

I forskrift om jakt- og fangsttider m.m. ser ein under § 3 der at fylkesmannen kan opne for jakt på grågås inntil 15 dagar før ordinær jaktstart når det føreligg ein godkjent lokal forvaltningsplan. Formålet med planarbeidet er nok å få ein slik godkjent forvaltningsplan for forvaltning av grågås. Følgjeleg er det fylkesmannen som er viltorganet på regionalt nivå som er sentralt i denne samanheng.

Vi har ikkje spesielle merknader til det som står om dei framande gåseartane kanadagås og stripegås i planen.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland